



Vinje kommune

Forskrift om

tildeling av langtidsopphald ved Vinje sjukeheim

eller

tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar,

kriterier og venteliste.

FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHOLD VED VINJE SJUKEHEIM ELLER TILSVARANDE BUSTAD SÆRSKILT TILRETTELAGD FOR HEILDØGNS TENESTAR, KRITERIER OG VENTELISTER

Heimel: Fastsett av Vinje kommune ved kommunestyret 22.06.2017 med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 a andre ledd.

Kapittel 1. Formål, lovgrunnlag, definisjon, virkeområde og organisering

§ 1 Formål

Føremålet med forskrifta er å betre rettsstillinga for pasientar og brukarar med omfattande tenestebehov når det gjeld retten til helse- og omsorgstenestar frå kommunen.

Forskrifta fastset kva kriterier Vinje kommune legg til grunn for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar.

Forskrifta skal vidare fastsette korleis Vinje kommune skal fylgje opp personar som står på observasjonsliste til langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar.

§ 2 Lovgrunnlag for tildeling av bu- og tenestetilbod

Heimel for tildeling av langtidsopphold og helse- og omsorgstenestar i sjukeheim er lov 2. juli 1999 nr. 63 om [pasient- og brukarrettigheter § 2-1 a annet ledd og § 2-1 e første ledd](#), jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om [kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-1 første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c og § 3-2 a første ledd](#).

Heimel for tildeling av disposisjonsrett til tilsvarende bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar er lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettigheter § 2-1 e første ledd, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-1 første ledd og § 3-2 a første ledd.

Heimel for tildeling av helse- og omsorgstjenester i bustad som nemnd ovafor er lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettigheter § 2-1 a annet ledd, evt. også § 2-1 d, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-1 første ledd, jf. § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a og b, og/eller § 3-2 første ledd nr. 5, evt. også § 3-8.

§ 3 Definisjonar

Med sjukeheim meiner ein helseinstitusjon som fell inn under forskrift 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav d og e og § 2.

Buform for heildøgns omsorg og pleie som er likestilt med sjukeheim i høve til forskrift 14. november 1988 nr. 932 for sjukeheim, og buform for heildøgns omsorg og pleie omfattast også av begrepet sjukeheim.

Øvrige institusjonar med langtidsopphold for personar som har omfattande behov for helse- og omsorgstenestar (aldersheim, bustadar med heildøgns omsorgstenestar, institusjonar for rusmiddelavhengige og barnebustadar) er ikkje å sjå på som helseinstitusjonar, og vil derfor ikkje koma inn under begrepet sjukeheim i denne forskrifta.

Med langtidsopphold meiner ein opphald i sjukeheim på ubestemt tid.

Med tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar meiner ein bustadar der:

- a) Bebuarane sitt tenestebehov vanlegvis er så stort at det er å samanlikne med tenestebehovet som bebuarar i sjukeheim har
- b) det er mogeleg å gje døgnskcontinuerlege tenesta,
- c) det er mogeleg å føre tilsyn med pasientane eller brukarane tilsvarande som i sjukeheim
- d) det er mogeleg å mottaka tenestar frå helse- og omsorgspersonell med kompetanse tilsvarande det personellet vanlegvis har i sjukeheim
- e) høve til å tilkalle hjelp og responstida før personellet kan koma til bustaden er tilsvarande som i sjukeheim
- f) kommunen tildelar disposisjonsrett til

§ 4 Virkeområde

Forskrifta gjeld for pasientar og brukarar som oppheld seg i Vinje kommune, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 § 3-1 første ledd.

Forskrifta gjeld i tillegg for pasientar og brukarar som har konkrete planer om å flytte til kommunen og som har eit så omfattande tenestebehov at det er naudsynt at bu- og tenestetilbodet er avklara i førekant, for at dei skal kunne flytte.

Vinje kommune disponerer til ein kvar tid over eit visst tal på plassar som er berekna for langtidsopphold i sjukeheim, og bustadar der det vanlegvis vert gjeve eit tenestetilbod som er tilsvarande som det som vert gjeve i sjukeheim, jf. definisjonane i denne forskrifta § 3.

Denne forskrifta gjeld for tildeling av desse plassane og bustadane. Kor mange langtids plassar i sjukeheim og tilsvarande bustadar kommunen disponerer over til ein kvar tid vil bli publisert på kommunen sine nettsider.

I tillegg disponerer kommunen også over plassar i sjukeheim som er berekna for kortvarige opphald og bustadar der det vanlegvis ikkje vert ytt eit tenestetilbod som er tilsvarande det som vert gjeve på sjukeheimen.

Kommunen kan dessutan etter ei konkret og individuell vurdering gje tilsvarande tenestar som vanlegvis vert gjeve i sjukeheim i pasienten eller brukaren sin eigen opphavlege heim.

§ 5 Ansvar og myndighet

Enkeltvedtak om tildeling av langtids- eller korttidsopphald i institusjon som nemnd under vert fatta av Vinje kommune ved Koordinering og tildelingskontoret

- a) forskrift 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav a til d
- b) helse- og omsorgstjenester i og utenfor institusjon i medhold av lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a annet ledd, § 2-1 e første ledd og § 2-1 d
- c) lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-1 første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6, evt. også § 3-2 første ledd nr. 5, § 3-2 a første ledd, § 3-6 og § 3-8

Enkeltvedtak om tildeling av disposisjonsrett til bustad som nemnd i denne forskrifta § 3 femte ledd vert fatta av Vinje kommune ved Koordinering og tildelingskontoret.

Koordinering og tildelingskontoret har gjennom enkeltvedtak om bu- og/eller tenestetilbod instruksjonsmyndighet over tenesteutførande organisasjonsledd, også Vinje sjukeheim.

Instruksjonsmyndigheten gjeld ikkje døgnplassar for øyeblikkeleg hjelp, jf. forskrift 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon.

Kapittel 2. Kriteriar for tildeling

§ 6 Kriteriar for tildeling av langtidsopphold i sjukeheim og tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar og for å få stå på observasjonsliste til slikt bu- og tenestetilbod

Pasient eller brukar har rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering

er det einaste tilbodet som kan sikre pasienten eller brukaren naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenestar.

Om pasient eller brukar får tildelt langtidsopphold i sjukeheim eller disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar, og kva slag bu- og tenestetilbod som i så fall blir tildelt, avheng av ei heilskapleg vurdering der fylgjande moment vert vurdert:

- a) kor omfattande behovet for helse- og omsorgstenestar er
- b) varigheten av hjelpebehovet, om (kvardags)rehabiliteringstiltak er aktuelle
- c) kva slag helse- og omsorgstenestar det er behov for
- d) kva fagleg kompetanse som ein treng for å gje forsvarlege tenestar sett i samanheng med tilgangen på helse- og omsorgspersonell med naudsynt kompetanse
- e) om det er naudsynt med tenestar, tilsyn eller at helse- og omsorgspersonell er til stades gjennom heile døgnet eller med korte mellomrom
- f) pasienten eller brukaren si evne til sjølv å tilkalle hjelp ved behov
- g) pasienten eller brukaren sitt behov for sosial kontakt og opplevd tryggleik ved at helse- og omsorgspersonell er til stades
- h) om pasienten eller brukaren er i målgruppa for det aktuelle bu- og tenestetilbodet,
- i) om pasienten eller brukaren har kognitiv svikt, og kor alvorleg den kognitive svikten er
- j) om pasienten eller brukaren utan endring av butilhøve risikerer å koma til skade eller å få helsetilstanden eller funksjonsevna si forverra, og om flytting kan virke skadeførebyggjande eller bidra til at vedkomande får høve til å betre sin helsetilstand eller funksjonsevne
- k) om alternativ til bu- og tenestetilbod i sjukeheim eller tilsvarande bustad er aktuelle, slik som helse- og omsorgstenestar i heimen, dagtilbod, korttidsopphald i sjukeheim, opphald i omsorgsinstitusjon, tilrettelegging av heimen eller omgjevningane, hjelpemidlar og tekniske løysningar
- l) pasienten eller brukaren sitt nettverk
- m) omsynet til personar pasienten eller brukaren bur ilag med, om avlastningstiltak er forsøkt eller vurdert
- n) om pasienten eller brukaren er til fare for andre eller om det er fare for materielle skader
- o) kommunen si organisering av helse- og omsorgstenestetilbodet
- p) om geografiske høve eller høve ved heimen gjer at det ikkje er tenleg å gje tenestar der

Avgjerande for om pasient eller brukar får langtidsopphald i sjukeheim eller disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar med ein gong, eller om vedkomande får enkeltvedtak om få stå på observasjonsliste til slikt bu- og tenestetilbod er fylgjande:

- a) om det er ledig kapasitet i det aktuelle bu- og tenestetilbudet og
- b) kor mykje det hastar for pasienten eller brukaren å få eit anna bu- og tenestetilbod enn vedkomande har i dag

Dersom saka ikkje er tilstrekkeleg utreda til at det kan fattast enkeltvedtak om tildeling av langtidsopphold, eller disposisjonsrett til tilsvarande bustad, eller enkeltvedtak om å få stå på observasjonsliste, eller om pasienten eller brukaren sine ynskje etter at vedkomande har fått tilstrekkeleg informasjon og rettleiing ikkje er innhenta, må saka utreiast vidare inntil det føreligg eit forsvarleg grunnlag for å avgjere saka, jf. denne forskrifta §§ 7 og 8.

§ 7 Kriteriar knytt til pasienten eller brukaren sine ynskje

For at saka skal være tilstrekkeleg utreda, må det vera gjennomført eit møte eller liknande med pasienten eller brukaren og/eller partsrepresentanten med fylgjande formål:

- a) å kartlegge pasienten eller brukaren sine behov for helse- og omsorgstenester
- b) å få samtykke frå pasienten eller brukaren til å innhente ytterlegare opplysingar som er naudsynte for saksutreiinga frå andre
- c) å gje pasienten eller brukaren den informasjon og rettleiing som trengs for at vedkomande skal kunne ivareta sine interesser i saka, også informasjon om eigenbetaling, jf. denne forskrifta § 11 tredje ledd, og
- d) å få klarhet i kva ynskje pasienten eller brukaren har etter at tilstrekkeleg informasjon er gjeven, også om det er pasienten eller brukaren sjølv eller partsrepresentanten som har gjeve uttrykk for desse ynskja

Pasienten eller brukaren har rett til å velje å la vera å ta imot:

- a) tilbod om langtidsplass i sjukeheim, med mindre vilkåra [Pas.brl kap 4A er oppfylt](#) (helsehjelp til pasientar utan samtykkekompetanse som motset seg helsehjelpa)
- b) tilbod om å få disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar.

Pasienten eller brukaren mistar ikkje retten til å stå på observasjonsliste ved å takke nei til eit tilbod som blir gjeve av kommunen.

§ 8 Kriteriar knytt til saksutgreiinga

For at ei sak som gjeld tildeling eller avslag på langtidsopphold i sjukeheim eller disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar skal vurderast som tilstrekkeleg opplyst, må det vera utført ei grundig saksutreiing, der fylgjande inngår i den grad dei er relevante i saka:

- a) opplysningar om høve som er nemnd i denne forskrifta § 6 første til tredje ledd,
- b) opplysningar frå møte med pasienten eller brukaren og/eller vedkomande sin partsrepresentant, jf. denne forskrifta § 7
- c) resultat frå vurderingsopphald i sjukeheim
- d) opplysningar frå anna helsepersonell og/eller tilbyderar av helse- og omsorgstenestar slik som resultat frå medisinsk, ernæringsmessig eller anna utreiing og behandling
- e) opplysningar frå andre delar av den offentlige forvaltninga
- f) funn frå IPLOS-kartlegging og
- g) andre opplysningar

Kapittel 3 Rett til enkeltvedtak og oppfølging av pasientar eller brukarar

§ 9 Rett til enkeltvedtak om helse- og omsorgstenestar i sjukeheim

Pasient eller brukar som i enkeltvedtak får tildelt opphald i sjukeheim har rett til at enkeltvedtaket også skal omfatte dei helse- og omsorgstenestane som skal gjevast under opphaldet. Pasient eller brukar som får tildelt disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar har rett til enkeltvedtak om dei helse- og omsorgstenestane som skal gjevast etter dei reglane som er nemnd i denne forskrifta § 2 andre ledd.

Det skal fattast nytt enkeltvedtak dersom pasienten eller brukaren skal flyttast frå avdelinga som vedkomande har opphald i, og dersom det skal skje vesentlege endringar i innhaldet eller omfanget av dei helse- og omsorgstenestene som vert gjevne.

§ 10 Oppfølging av pasientar eller brukarar på observasjonsliste

Pasientar eller brukarar som kan bu heime i påvente av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar, vil få enkeltvedtak med avslag på slikt bu- og tenestetilbod som nemnd ovanfor, men vil samstundes få enkeltvedtak om å få stå på observasjonsliste og enkeltvedtak om dei helse- og omsorgstenestane som skal ytast inntil det kan gjevast eit bu- og tenestetilbod som nemnd. Dei helse- og omsorgstenestane som vert ytt i ventetida, skal til ein kvar tid vera forsvarlege og behovsdekkande.

Koordinering og tildelingskontoret skal til ein kvar tid følge med på behovsutviklinga hjå dei pasientane og brukarane som står på observasjonslista, og skal syte for at det vert gjeve langtidsopphold i sjukeheim eller disposisjonsrett til tilsvarande bustad dersom det oppstår

ein situasjon der det hastar for den enkelte pasient eller brukar å få eit slikt bu- og tenestetilbod.

Ut over hastesakene tildelast slike bu- og tenestetilbod til den av pasientane eller brukarane som ein vurderar at har det største behovet for det bu- og tenestetilbodet som har blitt ledig. Pasient eller brukar som har fått enkeltvedtak om å få stå på observasjonsliste, må derfor rekne med at pasientar eller brukarar med meir presserande eller større behov vert prioriterte framfor dei, og det gjeld ingen tidsfrist for når eit bu- og tenestetilbod som nemnd ovafor seinast vert tilbode.

Pasientar eller brukarar som står på observasjonsliste har rett til informasjon om kor lang tid dei må rekne med å vente ved å vende seg til Koordinering og tildelingskontoret. Informasjon om gjennomsnittleg ventetid vil bli publisert på kommunen sine nettsider.

Kapittel 4. Betaling, klage og ikrafttredelse

§ 11 Betaling for bu- og tenestetilbod

Eigenbetalinga for helse- og omsorgstenestar i sjukeheim fylgjer reglane i forskrift 16. desember 2011 nr. 1349 om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenestar i institusjon.

Betaling for tilsvarende bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar går fram av husleigekontrakta som vert inngått for den aktuelle omsorgsbustaden. Eigenbetalinga for helse- og omsorgstenestar i slikt butilbod fylgjer reglane i forskrift 16. desember 2011 nr. 1349 om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenestar utanfor institusjon.

Den enkelte pasient eller brukar har som eit ledd i den informasjonen som skal gjevast etter denne forskrifta § 7 første ledd bokstav c rett til å få eit grovt overslag over kva det vil koste å mottaka helse- og omsorgstenestar i heimen, bu- og tenestetilbod i sjukeheim og bu- og tenestetilbod i tilsvarende bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar.

§ 12 Klage

Ved klage på enkeltvedtak om:

- a) langtidsopphald i sjukeheim
- b) å få stå på observasjonsliste til langtidsopphald i sjukeheim
- c) helse- og omsorgstenestar i eller utanfor sjukeheim

-gjeld lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient og brukarrettigheter kapittel 7. Helsedirektoratet er overordna forvaltningsorgan med adgang til å gjera om vedtak utan klage, jf. lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker § 35. Klaga vert behandla av Fylkesmannen.

Ved klage på enkeltvedtak om tildeling av disposisjonsrett til tilsvarende bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenestar gjeld reglene i lov 10. februar 1967 om behandlingmåten i forvaltningssaker § 28. Klaga vert behandla av den kommunale klagenemda.

§ 13 Ikrafttrede og revidering av forskrifta

Denne forskrifta trer i kraft 1. juli 2017.

Forskrifta skal evaluerast og ved behov reviderast når nasjonale kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og disposisjonsrett til tilsvarende bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns omsorg er vedtatt. Ved motstrid vil den nasjonale forskrifta gå framom denne forskrifta.

Lenke til nettsida til Vinje kommune om:

- a) kor mange langtids plassar i sjukeheim og tilsvarende bustadar kommunen disponerer over til ein kvar tid
- b) informasjon om gjennomsnittleg ventetid for dei som står på observasjonsliste